



Stølsheimen
verneområdestyre

Møteinnkalling

Utval: Stølsheimen verneområdestyre
Møtestad: Teams
Dato: 21.05.2024
Tidspunkt: 10:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 18/24	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 19/24	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 20/24	Orienteringar og referatsaker		
RS 9/24	Notat - Stølsheimen landskapsvernområde - Rappen - gjenoppføring av stølshus - 62/1		2024/3570
ST 21/24	Stølsheimen landskapsvernområde - utsetting av basestasjonar for bjellesystem		2022/4778

ST 18/24 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 19/24 Val av styremedlem til å skrive under protokollen
ST 20/24 Orienteringar og referatsaker
RS 9/24 Notat - Stølsheimen landskapsvernområde - Rappen - gjenoppføring av stølshus - 62/1



Arkivsaksnr: 2022/4778-0

Sakshandsamar: Maria Baudonnel Underdal

Dato: 13.05.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	21/24	21.05.2024


Stølsheimen landskapsvernområde - utsetting av basestasjonar for bjøllesystem

Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre gjev Vestland Bjøllelag SA løyve til å sette opp ein basestasjon for elektronisk bjøllesystem til husdyr ved Nabbenosi i Stølsheimen landskapsvernområde. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyvet er gjeve med følgjande vilkår:

- Plasseringa av basestasjonen går fram av figur 1 i vedtaket.
- Nøyaktig GPS-punkt skal målast inn ved montering og sendast til forvaltar innan 31.07.24
- Basestasjonen kan festast i fjellet med inntil 8 jernboltar på 8 mm i diameter.
- Det kan plukkast steinar frå nærområdet til skjerming av festepunkta til basestasjonen. Steinane skal ikkje plukkast frå vardar eller andre kulturminne.
- Dersom det vert gjort funn av fangstanlegg der basestasjonen er planlagt, må tiltakshavar ta kontakt med verneområdestyret for å avklare ny plassering av basestasjonen.
- Maksimal høgde på mastene skal vera 110 cm over bakken.
- Basestasjonen skal plasserast slik at dei er minst mogleg synleg frå stiar i området, og nedanfor høgste toppane for å gjera stasjonane minder ruvande i landskapet.
- Løyvet til å sette ut basestasjonen gjeld mellom 15.06.24 og 15.07.24.
- Søkjar skal demontera og frakta basestasjonane ut av området straks dei ikkje er i bruk, er ute av drift eller er skada. Jernboltane skal skjerast ned jamt med fjellet.
- Når ein base vert fjerna skal det sendast rapport med bilete.
- Basestasjonane skal kunne nyttast av andre beitelag med husdyr i same fjellområdet.



Figur 1: Blått punkt viser dagens basestasjonar innanfor Stolsheimen landskapsvernområde. Oransje punkt viser plassering av omsøkt basestasjon ved Nabbenosi.

Løyve til motorferdsel:

- Løyvet gjeld for 1 tur med helikopter for transport av basestasjonane.
- Løyvet gjeld ein dag i perioden 15.06.24 - 15.07.2024
- Transporten skal om mogleg skje utanom søndagar og heilagdagane
- Det skal takast omsyn til naturmiljø (særleg villrein) og folk i området ved gjennomføringa.
- SNO v/Kristoffer Ullern Hansen (mob. 970 97 720) skal varslast på førehand om kva dag det vert køyring. SNO kan gje informasjon om det er kjennskap til villrein i området.



- Dersom SNO har kunnskap om at villreinen er i nærleiken av eit av områda, må flyginga utsetjast til reinen har trekt vekk frå området.
- Dersom villrein vert observert under helikoptertransporten, skal flygeruta endrast slik at villreinen ikkje vert uroa.
- Dette løyvet og køyrebok skal vera med under transporten. Køyrebok skal fyllast ut før turane startar.
- Det skal sendast skriftleg rapport om gjennomført transport til sekretariatet for Stølsheimen verneområdestyre innan 31.07.2024.

Dette løyvet er berre behandla etter verneforskrifta. Tiltakshavar må i tillegg henta inn naudsynte avtalar med grunneigarar i området, og avklara med kommunane om tiltaket er søknadspliktig.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:


- Søknad frå Vestland Bjøllelag SA om utsetting av basestasjon for bjøllesystem i Stølsheimen landskapsvernområde, 17.04.2024.
- Dispensasjon frå Stølsheimen verneområdestyre til Vestland Bjøllelag AS, justering av basestasjon 11.05.23.
- Dispensasjon frå Stølsheimen verneområdestyre til Vestland Bjøllelag AS, utsetting av basestasjonar for bjøllesystem, 27.04.2022.

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1-2017
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

I 2022 vart dett gitt løyve til å sette opp 5 basestasjonar for elektronisk bjøllesystem til sau i Stølsheimen landskapsvernområde. I 2023 vart det gitt løyve til å flytte ein av desse basane til ny plassering.

Kvar basestasjon inneheld ein boks på ca. 30 cm x 30 cm x 8 cm med 3 antenner på. I tillegg er det ein batteriboks og eit solcellepanel. Solcellepanelet skal vera i drift frå mars til november. Systemet er i dvale om vinteren, og kjem automatisk i drift att når det er nok sol på ettvinteren. Solcellepanelet ligg skrått på bakken, og vil med det gje lite gjenskin frå sollyset. Det er ikkje naudsynt med vedlikehald av stasjonane, med mindre det er feil på basen, batteri eller solcellepanelet. Eventuelt vedlikehald kan gjennomførast utan motorisert ferdsl. Årleg tilsyn av stasjonane vert gjennomført i samband med tilsyn av sau i beitesesongen.



Figur 2: Skisse av basestasjon. Kopi får søknaden frå 2022.



Figur 3: Bilde av basestasjon. Kopi frå søknad frå 2022.

Dei søker no om:

«På vegne av beitelaga i Stølsheimen, søker hermed Vestland Bjøllelag SA om løyve til å setje opp 1 stk basestasjon i Stølsheimen landskapsvernområde. Dette er ein videreføring av prosjekt frå 2022-2023. Plassering er planlagt på Nabbenosi, på kanten mot Sundagsbeiti, som vist i vedl 2 og 3.

Vedlegg 2 «2023-Stølsheimen-signaldekning i Åsedalen» viser sporingsdata og signaldekning frå 2023. Røde punkt viser at bjølla ikkje har hatt dekning, men lagra signala, for så å tømme loggen når ho kjem i dekning att. Gul trekant markerer punkt der me ynskjer plassera base, for å fylla ut manglende dekning i områda rundt Åsedalen, vist med merka felt, vedl 3.




For Stølsheimen sin del har prosjektet gått i 2 år. Evaluering viste at beitelaga ynskjer vidareføra prosjektet og ta i bruk fleire bjøller. Er gjennom vinteren gått gjennom data frå 2023 og kjørt simulering av områda, som viser at ein har treft ganske godt med det som vart gjort så langt, men at det fortsatt er enkelte områder med dårlig signal. I samråd med beitelaga er me komme til at for Stølsheimen må det supplerast med eit par baser. Nabbenosi ligg innafør landskapsvernområdet og inngår i denne søknaden


Basen er av same type og utsjånad som dei som vart monterert i 2022-2023. Montering vil være den same, der ein murer opp med naturstein bak stativ, som sikrer for vær og vind , samt at den vert lite synleg i terrenget. Uttransport og montering vert ordna som i 2023, av beitelaget lokalt. (Utelatt detaljbeskrivelse som var med i søknad 2023). Vedl 5 VB 2023 Årsmelding Vestland Bjøllelag SA, viser litt historikk og aktivitet / status 2023.

Mål er at base vert monterert før beiteslepp som for dei første er tidlig juni».


Dei presiserer seinare i ein e-post at dei søker om uttransport av basen i andre halvdel av juni.



Figur 4: «2023-Stølsheimen-signaldekning i Åsedalen».



Figur 5: «2024-Beinhelleren-Base på Nabbenosi».



Figur 6: «2023-Stølsheimen-springdata sortert på beitelag».



Lovgrunnlaget

«Føremålet med vern av Stølsheimen er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske» jf. pkt. III i verneforskrifta. Det er forbod mot inngrep som kan endre landskapets art eller karakter jf. punkt IV nr.1. Vanleg vedlikehald på eksisterande anlegg kan gjennomførast. Basestasjonar for bjøllesystem er ikkje omtalt i dispensasjonsreglane i verneforskrifta, og må vurderast etter naturmangfaldlova (nml) § 48; *Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig*».

Området skal kunne nyttast til landbruk, og det skal kunne utøvast enkelt friluftsliv, jakt og fiske. Vidare seier reglane i forskrifta at motorferdsle på land og innsjøar, og landing med luftfartøy er forbode, jf. pkt. IV nr. 4. Verneområdestyret kan gje løyve til «*naudsynt transport av mat, brensel og utstyr til turisthyttene, transport av materiale og utstyr i samband med bygging, transport i samband med jakt, og elles når særlege grunnar ligg føre*» jf. pkt. VI nr. 6

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka

Vurdering

Føremålet med vern av Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit særmerkt og vakkert fjell- og fjordlandskap med lite tekniske inngrep. Samtidig skal området kunne nyttast til landbruk og friluftsliv. Basestasjonar for elektroniske bjøllesystem er nyare teknisk inngrep i landskapet, og slike installasjonar er ikkje omtalt eller vurdert i verneplanprosessen, og er ikkje nemnt i dispensasjonsreglane i verneforskrifta. Det må gjerast ei vurdering av om ein basestasjon til strir mot verneføremålet eller om det kan påvirke verneverdiane nemneverdig. Søknaden om å lande med helikopter for transport av basestasjonen må vurderast etter verneforskrifta pkt. VI nr. 6.

Elektroniske sauebjøller er eit nyttig hjelpemiddel i landbruket for å letta arbeidet med tilsyn av sau på utmarksbeite, og det er nyttig i samband med sanking av sau på hausten. Erfaringane frå prosjektet viser at systemet fungerer godt, men at det er behov for ei endringar for å få full dekning. Ny base ved Nabbenosi skal løyse problemet med ei sone med dårleg dekning.

Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan for Stølsheimen, rapporten *Spor etter stølsdrift i Stølsheimen landskapsvernområde*, og skjøtsel på stølane i området. Alle basestasjonane, eksisterande og omsøkt, er innanfor Fjellheimen villreinområde. Det er ikkje registrert andre raudlista artar i området (Naturbase 08.05.2024), anna enn fiskemåke (sårbar) nede i Stordalen. Dette utelukkar likevel ikkje at det er andre raudlista artar i området da det ikkje er gjennomført systematisk kartlegging av dette. Det er ikkje registrerte kulturminne i området rett under Nabbenosi. Kunnskapen om området er vurdert som god for å vurderer denne saka jf. nml. § 8, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor tillagt liten vekt.



Forvaltninga skal vurdera den samla belastninga eit tiltak vil få på naturmiljøet jf. nml. § 10. Basestasjonen vil vera eit nytt tekniske inngrep. Dette er ein mindre installasjon som vil vera lite synlege på avstand, og vil ikkje gje dei store endringane i landskapet. Beiting med sau på stølane og i utmarka er positivt for å ta vare på kulturlandskapet, og er med å fremjar verneverdiane.

Løyve til å etablera basestasjonar i dette området vil kunne gje presedens for tilsvarande saker i dette og andre landskapsvernområde. Samtidig er beitedyr i området svært positivt for å halda kulturlandskapet ope, og landbruk er ein aktivitet det skal leggjast til rette for. I nyare verneforskrifter for landskapsvernområde er det reglar som opnar for å gje løyve til å sette opp master for elektroniske sauebjøller. Eit døme er Mørkisdalen landskapsvernområde i Luster kommune. I Nærøyfjorden landskapsvernområde gav ein i 2023 også løyve til å setje opp basestasjonar. Og i 2022 gav Stølsheimen landskapsvernområde løyve til 5 basestasjonar da det vart vurdert til å ikkje vere i strid med verneføremålet eller ha betydeleg negativ påverknad på verneverdiane. Ei utviding med ein basestasjon vil ikkje endre vurderingane frå løyvet gitt i 2022 i betydeleg grad. Elektroniske sauebjøller vil vera med å lette arbeidet med tilsyn og sanking av sau på utmarksbeite, og er ein teknologi som vil bli meir brukt framover. Med den kunnskapen vi har om villreinen sin bruk av området, vil basestasjonane lite truleg ha negativ verknad på villreinen i området. Andre artar og naturtypar som er registrert i dette området, vil heller ikkje bli særleg påverka av basestasjonane.

Tiltaket vil i liten grad medføra inngrep i landskapet, og vil kunne fjernast utan at det vil vera sår i terrenget. Forvaltar vurderer tiltaket som eit bagatellmessig tiltak som er reversibelt. Ved å plassera basestasjonane slik at dei er lite synleg frå turstiar i området, og med minst mogleg silhuett-verknad, vil dei vera til liten skade for friluftslivet.

Nml. § 11 er vurdert som ikkje relevant for denne saka.

Basestasjonane som skal etablerast er små og mindre synlege i terrenget enn satellittbaserte stasjonar. Søkjar har vurdert kvar stasjonen bør plasserast for å få størst mogleg dekningsområde. Denne utvidinga er naudsynt for å få eit allereie etablert system til å fungere optimalt. Stasjonane kan monterast manuelt, og krev ikkje motorisert transport utanom ei helikopterlanding med utstyr til plassen. Vedlikehald og tilsyn kan gjerast til fots av beitelaga. Forvaltar vurderer basestasjonen og plasseringa som godt vurdert, og at det er ein tiltaket er miljøforsvarleg til dette føremålet jf. nml. § 12. Basestasjonane er eit felles tiltak for mange beitelag, og vil vera til nytte for mange grunneigarar med beitedyr i Stølsheimen landskapsvernområde. Det vert søkt om å fly i andre halvdel av juni, noko som er ei akseptabel tid med take på villrein si mest sårbare periode på våren. Dersom det er kjennskap til at villreinen er i området der det skal vera landing, må transporten utsetjast til villreinen har trekt vekk frå området, eller det må landast med helikopter i god avstand til villreinen. Før transporten tek til skal det meldast frå til Statens naturoppsyn. Han vil gje informasjon om kjente observasjonar av kvar villreinen oppheld seg.

Etter ei samla vurdering meiner forvaltar basestasjonane ikkje vil ha negativ verknad på verneverdiane, og er ikkje i strid med verneføremålet. På denne bakgrunn vurderer forvaltar det er heimel i naturmangfaldlova § 48 til å gje løyve til å setje opp basestasjonen. I den samanhengen er det naudsynt å transportere opp basestasjonen med helikopter, og det kan gjevast løyve til ei landing jf. pkt. VI nr. 6.



Konklusjon

På bakgrunn av vurderingar etter nml. §§ 8-12 meiner forvaltar tiltaket ikkje er i strid med verneverdiane og verneføremålet, og vurderer det er heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ til å gje løyve til etablering av ein ny basestasjon, og at det jf. pkt. VI nr. 6. er heimel til å gje løyve til ei landing for transport av denne basestasjonen.